

ÅRSMELDING 2018

FJOTLAND SOKN



Årsmeldinga er vedtatt av Fjotland sokneråd sak 006/19, 13.03.2019



Den norske kyrkja
Fjotland kyrkjelyd



Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2018

Nok eit år er over, og tida for årsmelding er her. Det har vore eit aktivt år med mange og ulike aktivitetar. Soknerådet i Fjotland har som si viktigaste oppgåve å arbeide for at flest mogleg skal koma til gudsteneste. Dette arbeidet er det vanskeleg å noen gong seia at ein har lukkast med. Me har dyktige tilsette som alle bidreg til gode og godt førebudde gudstenester. Gudtenesteutvalet er aktive og flinke til å bidra til å gjera gudstenestene til gode opplevingar med innsats frå frivillige med m.a. song.

Dersom ein har blikk på tala for gjennomsnittleg gudtenestebesøk har det dei siste åra vore negativt. Det kan vera mange årsaker til det, og ein av dei kan ha samanheng med at me i fjor ikkje hadde konfirmantar. Nå meiner eg likevel at ein ikkje skal ha eit så altfor stor fokus på dette. Eg tykkjer å oppleve at menneska som kjem for å feira gudsteneste saman er veldig fornøgde og glade for alt som skjer i kyrkjelyden. Eit anna og svært positivt aspekt er at stadig fleire ønskjer å vera med i det frivillige arbeidet under gudstenestene. Nye og unge menneske er positive til å vera med som kyrkjevertar og elles bidra. Eg tykkjer òg det er viktig å nemna at det er forholdsvis mange born med på gudstenestene. Familiegudstenestene med div utdelingar har som regel gode oppmøte og mange av dei spesielt inviterte kjem.

Dette året har me flytta lysgloben bak i skipet. Der har den fått plass saman med bønnekrukkestasjon. Me ser at det er mange som stoppar opp her og legg ein lapp i bønnekrukka eller tenner eit lys. Denne plassen er òg blitt eit fint tillegg under nattverden.

Aktivitetane som skjer for borna under gudstenestene er populære og me er svært takksame for det arbeidet som blir gjort med dette. Lovise Egeland Versland har stadig nye aktivitetar og tankar om korleis ho kan bygga opp samlingane med borna. I det siste har ho begynt å laga ei minnebok for aktivitetane borna har under gudstenestene – supert! Kyrkjekaffien bidreg også til å skapa gode sosiale treff. Dei gongene me har gudstenester om ettermiddagen har me begynt å ha kveldsmat og det blir godt motteke.

Det er ulike aktivitetar som skjer i kyrkja vår utanom gudstenestene. Konsertar og kveldsbønn er framleis dei viktigaste å nemna. I 2018 blei det arrangert fleire konsertar i kyrkjebygga våre. Sverre Eftestøl hadde sin tradisjonstrugne konsert i Netlandsnes siste laurdag i april. Sverre har vore fast organist på gudstenestene i Netlandsnes kapell. Dette året blei han takka av i jobben. Me kjem til å sakna han, men er glade for at det er komen ein ny dyktig organist inn i denne jobben. Sverre vil halda fram med aprilkonserten på Netlandsnes, til glede for alle som finn vegen til Netland i april. Forsongarkoret som Torhild Larsen Nygaard sette i gong i 2017 har delteke på fleire gudstenester dette året òg.

Kyrkja definerer diakonalt arbeid svært vidt. Det omfattar arbeid som gjev hjelp, støtte og omsorg til menneske i alle aldrar. Kyrkjelydane i Kvinesdal var utan diakon store delar av 2018. I løpet av sommaren blei Frank Arne Hammerø tilsett som diakon. Det er me svært glade for.

Me er glade for alt arbeid som blir gjort for born og unge i kyrkjelyden vår. Det meste av dette arbeidet går føre seg på bedehuset på Kvinlog. Det er fint å kunna samarbeida om viktige oppgåver og støtta opp om dei aktivitetar og tilbod som er.

Til slutt vil me takka alle som bidreg både frivillige og tilsette. Me er takknemlege for alt arbeid som blir gjort for kyrkjelyden vår.

For Fjotland Sokneråd Marit Homme

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Marit Homme, Birgitte Kvinlaug, Elise Orre, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl Harbakk, Heidi Risnes, Sverre Elgvin Lied

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 7 møter og behandla 21 saker.

GUDSTJENESTEUTVAL

Lovise Egeland Versland, May Britt Helle, Sissel Eftestøl Harbakk og Judith Kvelland Rogstad. Sverre Elgvin Lied og Torhild Larsen Nygård

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Marit Homme og Birgitte Kvinlaug, vara Sissel Harbakk og Heidi Risnes

KYRKJELDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

MENIGHETSBLADET TREKLING(Felles):

Leiv Gunnar Skiftun (red), Torhild Meland, Arnold Omland,

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Feda og Fjotland: Sverre Elgvin Lied

Sokneprest i Kvinesdal: Leiv Gunnar Skiftun

Diakonimedarbeider: Frank Arne Hammerø frå 01.08.2018

Trosopplærer: Cathrine Rafoss Agedal

Organist: Torhild Larsen Nygård og Sverre Eftestøl

Kyrkjevevje: Per Øistein Rogstad

Adm. sekr: Turid Nedland

Sekretær: Sylvi Vatland

Kyrkjegardsarbeidarar: Djoerd Van Kammen, Terje Vatland (fra 01.09.18)

Svein Tore Stegemoen (sluttet 01.08.2018)

Kyrkjetener i Fjotland: Espen Rogstad

Kyrkjetener/kyrkjeverv i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell ,Tor Alsvik, Jenny Alsvik

Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

GUDSTENESTENE

År	2014	2015	2016	2017	2018
Antall gudstenester	38	35	35	32	33
Gj.snitt gudstenestebesøk	62	65	59	54	53
Gj.snitt nattverdgjester	19	28	29	21	32
Samla offergåver	81343	99335	77568	68854	85350
Dåp	6	11	10	4	7
Konfirmerte	11	6	6	9	0
Vielser	6	1	2	2	2
Gravferd	7	6	11	14	8

GUDSTENESTEUTVAL

Gudstenesteutvalet har hatt 3 møter. Det har blitt jobba med å legge til rette for auka deltakelse (uansett alder) i gudstenestane, og håper det kan auke gudstenestebesøket.

Fleire songsolistar i alle aldrar har vore med på å løfta gudstenestene i 2018. Dessutan har det vært med flott gjeng med forsangere på flere gudstenester. I forkant av desse gudstenestene har organist Torhild leia forsongarøvingar i kyrkjestova. Dette er noko me vil halda fram med og håpar fleire vil ta del i.

D. TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det har vore ein skulegudsteneste i Fjotland kyrkje, og den var før jul. Nokre barn frå Fjotland barnehage var også med.

Det var og påskevandring med 1 og 2. klasse i kyrkja.

3. og 4. klasse hadde omvisning i kyrkja og på kyrkjegarden. Dei fekk høyra om symboler, arkitektur, tap og sorg

Familiegudstenester

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringer dette året, i tillegg har det vore utdeling av Ny testamentet til 5. klasse.. Det har vore opp imot 100% oppmøte på alle desse utdelingene.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring.

Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skuespel, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og dei tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas budskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

Fjotland barnehage var med på julevandring.

BABYSANG

Babysong er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysong er på menighetssenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. Babysong har vore på besøk på Kvinesdal bo og omsorgssenteret to gonger i 2018. I løpet av året er det innom mellom ca. 40 babyar med mødre/fedre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysong.

LYSVAKEN

Det var ikkje Lysvaken i Fjotland dette året. I staden hadde kyrkja eit samarbeid med Between. Sverre E. Lied og Cathrine Aagedal var saman med Between og lederane deiras ein tysdag i kyrkja. Der hadde me ulike leikar, åt saman og planla gudstjenesta påfølgande sundag.

TÅRNAGENTAR

Det var ikkje Tårnagenthelg i Fjotland dette året.

HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN

Kvart år i juni er Heilt på jordet festivalen – ein kristen familiefestival. Festivalen har eigen komite som arbeider med festivalen.

I 2018 ble Heilt på jordet arrangert 2. juni. Det var i underkant av 750 besøkande på festivalen. Frivillige frå Fjotland er med og hjelper til under festivalen.

Konfirmantkullet 2017-18

Dette året var det ingen konfirmanter i Fjotland.

Konfirmantkullet 2018-19

Det er seks konfirmanter dette året. I og med at det ikke var konfirmanter i Fjotland forrige år, blir dette kullet det første i Fjotland etter endringen med nytt konfirmasjonstidspunkt på høsten i stedet for våren, og deltakelse på sommerleiren KRIK KonfAction i Bø. Noe av undervisningen skjer i fellesskap med konfirmantene i Kvinesdal og det har fungert godt. De følger for øvrig et variert undervisningsopplegg, med besøk av eksterne aktører, deltakelse i ulike arrangement, involvering i gudstjenester (bl.a. lysmesse og ungdomsgudstjeneste) og ikke minst hjemmegrupper som et viktig element. Undervisningen startet opp med Kickoff-samling 25. september, og konfirmantene ble presentert på gudstjenesten 30. september. Dette året er det Oddbjørn og Hilde Stakkeland som har hjemmegruppe, og vi retter en stor takk til dem for innsatsen med det!

KRIK

KRIK Kvinlog pleier å samles annenhver fredag kl 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagte samlinger finnes på www.kvinlogbedehus.no, og på facebookside. Samlingene er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsomme stafettar, konkurransar og ballspill. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avslutter med en konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres en vinner gjennom året som gikk.

MISJONSPROSJEKT

«Fotball krysser grenser» Misjonsalliansen er frå 25.11.2017 til 26.11. 2020 .

Det er i år samla inn kr 12.464. Dette kommer godt med, og utgjør en stor forskjell.

D. ØKONOMI

REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokneråd	2018	2017
Disposisjonsfond pr. 01.01.	28112	58319
Overskudd 2017	6835	
Underskudd 2016		30206
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet		
Disposisjonsfond pr. 31.12.	34947	28112

Disposisjonsfond kyrkjetekstilar

Disposisjonsfond pr. 01.01.2018	4 520	4 520
Avsatt til disposisjonsfond i driftsregnskapet	4520	0
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	0	0
Disposisjonsfond pr. 31.12.2018	0	4520

Rekneskapen hadde eit mindreforbruk for soknerådet (overskot) for 2018 på kr 19.005

Ofringar og gaver (tall for 2017 parantes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 15.785 (21.7806)
Kyrkjeofringar til andre	kr 69.565 (47.074)
Fasteaksjonen	kr 0.000 (12.606)

ÅRSMELDING 2018

Menighetsbladet TREKLING, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2018 (2017 i parantes) med i alt 4 (4) nummer med 100 (100) sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og sette fokus på positive ting fra vårt lokalmiljø. Vi ønsker også å løfte fram enkeltpersoner og tiltak som bygger felleskap. Gjennom Treklang har folk med engasjement fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på de innspill som kommer til stoff som ønskes i bladet. Bladet ble trykket i flerfarge-trykk på Bergens Grafiske. Samarbeidet med trykkeriet har vært veldig godt.

Redaksjonen har i 2018 har bestått av Leiv Gunnar Skiftun (red) og Merete Breimoen. Arnold Omland gikk ut av redaksjonen nyttår 2018, og det har ikke lyktes å finne nye faste medarbeidere. Preben Forgard Lindland har hatt ansvaret for å finne noen til å skrive «Min tro» og «Min salme».

I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Grafisk medarbeider har vært Per Øistein Rogstad.

Merkantilt ansatte ved kirkekontoret har hatt regnskapsansvar og sendt ut brev til annonsører.

Regnskapet blir ført under Kvinesdal Menighetsråd og revideres sammen med menighetsrådets regnskap. Regnskapet for 2018 viser et **overskudd på kr. 39.396** (46.124). Trykke-kostnader var kr. 54.050 (63.400), mens porto var kr. 32.758 (31.685).

Inntektene består av frivillige gaver til bladets drift kr. 79.725. (93.919), samt annonser kr. 49.200 (50.400). Et solid driftsfond sikrer god likviditet, og gir grunnlag for videre satsing. Etter vedtak i styret deles overskudd mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Kvinesdal Menighetsråd har vedtatt at deres del av et evt. overskudd går til diakoniarbeidet.

Bladet er et viktig bidrag til informasjon om ting som skjer i menighetene. Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.

For redaksjonen:

Leiv Gunnar Skiftun

redaktør

HEIMESIDA

Fellesrådet i Kvinesdal har egen heimeside. Nettsida har adresse www.kvinesdal.kirken.no og har både sentral og lokal informasjon. Lag og foreninger er velkomne til å få lagt inn opplysninger om seg selv og egne arrangement. Stoff som ønskes inn på nettsida, kan sendes på e-postadressen tnedland@kvinesdal.kirken.no.

Fjotland kyrkje har også facebook side.